Semantisk teknologi og tenesteutvikling for arkiv

Terje Aaberge og Lars Berg Hustveit

Forord

Denne rapporten gir ein omtale av arbeidet så langt med prosjektet «Semantisk teknologi og tenesteutvikling for arkiv», finansiert av Norsk kulturråd og Riksarkivet. Prosjektet er ei vidareføring av prosjektet «Semantisk samhandling i kulturformidlinga». Første del av prosjektet er gjennomført i samarbeid med prosjektet «Digital reiselivshistorisk formidling» til Norsk Reiselivsmuseum fordi begge prosjekta adresserer dei same problemstillingane og skal bruka same teknologi og metodologi, og fordi Fylkesarkivet vil vera leverandør av informasjon til Reiselivsmuseet.

Arbeidet har vore delt i to: ein serie kollokvium for å etablera ei felles forståing av problemstillingane og ei plattform for arbeidet, og ei rekke arbeidsmøte der vi starta utviklingsarbeidet. Denne delinga er reflektert i rapporten som omtalt under overskriftene «Teoretisk grunnlag» og «Praktisk gjennomføring». Den første delen var i stor grad eit teamarbeid mellom oppdragsgivarane representert ved Snorre Øverbø og Elin Østvik frå Fylkesarkivet, Aage Engesæter og Helge Willy Røed frå Reiselivsmuseet og Terje Aaberge frå Vestlandsforsking/Jaatav Invest AS.

Målet for Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har vore å utvikle ein overordna effektiv søkefunksjon for fleire isolerte databasar, i første omgang fotodatabasen og Kulturhistorisk leksikon for Sogn og Fjordane. Arbeidet har gått ut på å utforma eit omtalespråk, etablera autoritetsregister og laga koplingar mellom postar i databasane. Resultatet er implementert i eit semantisk teknologisk rammeverk.

Prosjektsamarbeidet har også omfatta Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Hordaland fylkesarkiv, Universitetsbiblioteket i Bergen, Billedsamlingen, Norsk Folkemuseum, Riksarkivet, Kultur IT, Oslo kommune, Kulturetaten, NRK og ESIS Norge AS. Vi har hatt møte i Oslo, Bergen, Leikanger og Sogndal med deltakarar frå desse organisasjonane og frå Norsk kulturråd.

Sogndal, mars 2017

Terje Aaberge og Lars Berg Hustveit

Innhald

1. Innleiing 4

Del I: Teoretisk grunnlag

2. Metodologisk utgangspunkt 9

3. Språk 13

3.1 Første-ordens språk 15

3.2 Intensjonelle og ekstensjonelle tolkingar 15

3.3 Pragmatisk og semantisk meining 17

3.4 Objektspråk/Metaspråk 18

4. Modellering av kunnskapsrepresentasjonar og informasjonslager 21

4.1 Kunnskapsrepresentasjonar 21

4.2 Informasjonslager 24

4.3 Publisering 24

4.4 Spørjingar 26

5. Implementasjon av kunnskapsrepresentasjonar og informasjonslager 29

5.1 Internet of Things/Linked Data 29

5.2 Relasjonsdatabasar 31

5.3 Hybride implementasjonar 32

Del II: Praktisk gjennomføring

6. Innhald og struktur 35

7. Implementering i owl (Turtle) 43

7.1 Ontologi 43

7.2 Namneliste 88

7.3 Kunnskapsbase 88

7.4 Domenemodell 92

7.5 Informasjonsmodell 93

8. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane 95

7.1 Status 95

7.2 Modellering og implementasjon 97

1. Innleiing

Teknologiane i kategorien Semantisk teknologi er utvikla for å gjera informasjon på veven meir tilgjengeleg for smart maskinell datahandtering og effektiv vidareformidling. Dei omfattar både teknologiar for representasjon av omtalespråk (RDF, OWL), regelspråk (SWRL) og søkespråk (SPARQL). Kombinert med ein tingsentrert modellerings-metodologi står dei derfor no fram som den mest lovande teknologien for handtering av innhald i digitale arkiv.

Eit arkiv har to avdelingar, informasjonslageret og kartoteket, eit ordna sett av indekskort over innhaldet i lageret. I eit digitalt arkiv er begge deler digitalt representert og det er vanleg at indekskorta er representert av rader i tabellar i ein relasjonsdatabase. Denne måten å representera kartotekkort («meta-informasjon») på avgrensar informasjonsinnhaldet i indekskorta og reduserer fleksibilitet med omsyn til endringar i arkivet.

Kombinasjonen semantisk teknologi/tingsentrert modellering gir høve til både meir strukturert og meir fleksibel (meta-) informasjonsrepresentasjon. Grunnen til dette er at den både tillet formuleringa av meir innhaldsrike setningar og dermed meir strukturert innhald, og at den fører til eit skarpare skilje mellom representasjon av innhald og struktur og dermed auka fleksibilitet for endring. Nye informasjonskjelder kan såleis bli lagt til under god kontroll. Ein viktig konsekvens av dette er at ein kan leggja eit «semantisk grensesnitt» mot ei samling av relasjonsdatabasar og gjennomføra samtidige søk i alle gjennom dette grensesnittet (samsøk).

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Norsk Reislivsmuseum har gjennomføret to prosjekt

- Semantisk teknologi og tenesteutvikling for arkiv
- Digital reiselivshistorisk formidling

finansiert av Norsk kulturråd og Riksarkivet. I desse prosjekta skulle ein bruka semantisk teknologi kombinert med tingsentrert modelleringsmetodologi for å syna "korleis innhaldet i tradisjonelle fagdatabasar i museums- og arkivsektoren kan løftast ut av sine "siloar" med hjelp av semantisk webteknologi, publisere datasetta som lenka data, og etablera nye innovative publikumstenester" og ein skal "stetta Reiselivsmuseet sitt behov for og ynskje om å produsera, henta inn, presentera og dela digitale reiselivshistoriske data" både på skjermar i utstillinga og på nett.

Utfordringa for informasjonseigarar og formidlarar som Fylkesarkivet og Reiselivsmuseet er mangelfull omtale av (digitale) informasjonselement, vanskeleg tilgjengeleg og distribuert informasjon. For effektivt å kunne finnast og formidlast av informasjonseigar, og gjenbrukast av tredjepart må informasjonen vera

1. synleg
   - informasjonselementa må ha tilstrekkeleg omtale til at dei kan identifiserast og finnast
2. knytt saman
   - informasjonselementa i forskjellige datakjelder må knytast saman
3. open
   - informasjonselementa og omtalane må vera tilgjengelege for ekstern bruk på standardisert format (xml, rdf, ...)

Det krev eit rikt omtalespråk og publisering av innhalds- og strukturinformasjonen på maskinlesbar form på nettet. Målet med prosjekta er å møte desse utfordringane for Fylkesarkivet og Reiselivsmuseet ved å

- utvikla språk for omtale av «innhaldet»
- modellera informasjonslager
- implementera informasjonslager

I implementeringa vil vi i størst muleg grad nytta representasjon av vokabular utvikla eller under utvikling i Kulturnav/Norvegiana/Europeana.

Rapporten har to deler. Den første delen gir det teoretiske grunnlaget for utviklinga av eit informasjonslager, dvs. informasjonsinnhald, kunnskapsinnhald og struktur. Sidan dette er basert på bruk av første ordens språk startar rapporten med ei utgreiing av korleis slike språk er strukturert og av forholdet mellom språk og metaspråk, og spesielt korleis ord og setningar får meining. Med dette som bakgrunn blir det skissert korleis ein modellerer eit informasjonslager og korleis det kan representerast (implementasjon).

Del II går inn på dei konkrete problemstillingane vi møter i utviklinga av informasjonslager for Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Arbeidsoppgåvene blir presentert og ei detaljert forklaring blir gitt på korleis dei kan gå fram. Det siste ved hjelp av eksempel som vil bli brukt til utviklinga av demonstratorar.

Del I

Teoretisk grunnlag

2. Metodologisk utgangspunkt

Eit informasjonselement er eit objekt, eit bilete, eit dokument osv. Det kan ha ein fysisk eller digital representasjon og det handlar om ting. Resultat av søk på informasjonselement i ei samling (arkiv eller bibliotek) skjer gjennom eit kunnskapssystem, dvs. ei etablert (implisitt) klassifisering (kategorisering) av informasjonselementa; di finare klassifiseringa (kategoriseringa) er di presisare vil søkeresultata vera.

Vi kan skilja mellom to måtar å ordna informasjonselement på

1. tingsentrert klassifisering
2. emnesentrert kategorisering

Den tingsentrerte metoden kan brukast på to måtar i klassifiseringa av informasjonselement. I den eine er tinga som informasjonselementa handlar om det primære medan eit informasjonselement blir knytt til ein ting ved relasjonen «OmtaltAv» viss det handlar om tingen. Ei klassifisering av informasjonselementa er derfor basert på ei klassifisering av tinga via denne relasjonen; det er ei klassifisering i forhold til innhald. Utgangspunktet for ei slik klassifisering er etablering av eit domene, dvs. mengda av alle ting som er omtalt av informasjonselementa i ei samling. Men informasjonselementa kan også oppfattast og omtalast som ting, og klassifiserast etter kva eigenskapar dei har. Denne klassifiseringa er uavhengig av innhaldet i informasjonselementa som i dette tilfellet utgjer domenet.

Den tingsentrerte klassifikasjonsmetoden skil seg frå den emnesentrerte kategoriseringsmetoden brukt i arkiv/bibliotek-sektoren der informasjons-elementa er objekta, men ikkje som ting; kategoriseringa er basert på det tematiske innhaldet deira. Den emnesentrerte kategoriseringsmetoden er knytt til ein taksonomi/tesaurus der kvart av orda står for eit tema og er merkelapp for kategorien av element som inneheld informasjon om temaet ordet står for.

Både tingsentrert klassifisering og emnesentrert kategorisering er representert av eit kartoteksystem der elementa er omtalar av

- tinga (faktaark)
- informasjonselementa (kartotekkort)

Eit informasjonssøk er eit søk i mengda av faktaark eller kartotekkort. Ettersom eit søk definerer ein klasse (kategori) er det informasjonen i faktaarka eller kartotekkorta som avgjer kor relevant resultatet av eit søk i ei samling vil vera. Grunnlaget for utviklinga av eit tingsentrert klassifiseringssystem er derfor eit rikt

og domenespråk som gjer det muleg å gi ein presis (skiljande) omtale av tinga i domenet. Eit presist emnesentrert kategoriseringssystem er på si side avhengig av ein rik tesaurus ettersom kvart informasjonselement via kartotekkortet blir tilordna eit eller fleire ord i tesaurusen, dvs. merkelappane for kategoriane det høyrer til i. Ein tesaurus[1] er eit kontrollert og strukturert vokabular der orda er ordna etter korleis dei blir *forstått* av kvalifisert personell. Ein tesaurus er ikkje eit språk; det er eit vokabularet utan syntaks og (formell) semantikk.

Det er den tingsentrerte modelleringa som best svarar til Internett av ting/Lenka – data paradigmet i semantisk teknologi og som derfor vil vera hovudtemaet i denne rapporten. *Dette dokumentet handlar derfor berre om tingsentrert klassifisering!*

Utgangspunktet for arbeidet er såleis ein modelleringsmetodologi basert på *subjekt – objekt partisjon*.[2] Denne skil mellom eksistens og framtoning av ting, mellom tingen i seg sjølv og eigenskapane til tingen. Omtalen av ein ting er såleis ei opplisting av setningar som knyter saman ting og eigenskapar.

Orda subjekt og objekt har fleire tydnader, den er avhengig av bruksområdet. I subjekt-objekt partisjon står subjekt for observatøren og objekt for tingen han observerer; i ei subjekt-objektsetning står subjektet for tingen som er omtalt medan objektet står for ein eigenskap det blir tillagt.

Modellering av kunnskapsrepresentasjonar og informasjonslager basert på tingsentrert modellering for ei samling har følgjande ideelle utvikling:

- val av domene
- modellering av domenet
- etablering av språk (vokabular/ontologi, syntaks og semantikk) for omtale av tinga i domenet
- omtale av objekta i domenet
- samanknyting av informasjonselement og tinga dei handlar om

Domenet er mengda av ting informasjonselementa i samlinga omtalar. Ideelt sett vil eit domene bestå av ein type objekt, for eksempel fysiske ting, men i praksis vil ein av pragmatiske grunnar måtte utvida omfanget av domenet til også å telja som ting, eigenskapar ved ting. Eksempel på dette er lokasjonar. Lokasjon er ein

[1] http://en.wikipedia.org/wiki/Thesaurus_%28information_retrieval%29; In the context of information retrieval, the purpose of a **thesaurus** (plural: "thesauri") is to guide both an indexer and a searcher to select the same preferred term or combination of preferred terms to represent a given subject. ISO 25964, the international standard for information retrieval thesauri, defines a thesaurus as a "controlled and structured vocabulary in which concepts are represented by terms, organized so that relationships between concepts are made explicit, and preferred terms are accompanied by lead-in entries for synonyms or quasi-synonyms".

[2] http://en.wikipedia.org/wiki/Subject-object_problem

eigenskap ved fysiske ting; ein ting okkuperer ein lokasjon (plass). Likevel kan det vera formålstenleg å skilja mellom plass og lokasjon og introdusera plassar som ting med berre ein type eigenskapar, lokasjon.

3. Språk

Eit språk har ord (teikn), setningar (ordna endelege rekker av ord) og argument (ordna endelege rekker av setningar). Komposisjon av setningar tilfredsstiller syntaktiske reglar og er basert på ei kategorisering av ord bestemt av bruken, namn og predikat med gitt aritet (= tal namn predikatet tek); argumenta tilfredsstiller slutningsreglar som frå eit sett av premiss- setningar endar i ein konklusjon. Slutninga avheng berre av den syntaktiske forma til premissa, ikkje meiningsinnhaldet. Men ord og setningar er også berarar av meining; tilfeldige samansetningar av ord er meiningslause.

Meining får ein gjennom tolkingar som relaterer ord til ting utanfor språket. Det er to slags tolkingar, *intensionelle* and *extensionelle* som svarar til to komplementære teoriar for meining, pragmatikk og semantikk som igjen svarar til forståing og tydnad (Versteung und Bedeutung).

Det semiotiske tetraederet gir eit bilete av forholdet mellom ting, språkleg representasjon av ting og dei mentale ideane av ting (omgrepa)



Figur 1: Semiotisk tetraeder

Diagrammet symboliserer at ein ting er tilordna eit namn og karakterisert av predikat; dvs. at ein ting er omtalt ved opplisting av ei samling av predikat som representerer eigenskapar. Vidare svarer det eit omgrep (idé) til kvart namn og predikat. Desse er representert som (matematiske) mengder av ting. Dette er eksemplifisert av det semiotiske tetraederet for Eiffeltårnet:



Figur 2: Det semiotiske tetraederet for ein individuell ting

der uttrykket { } står for mengde.

Det semiotiske tetraederet manifesterer subjekt-objekt partisjon, skiljet mellom undersøkingsobjektet og det observerande (menneskelege) subjektet, som svarar til skiljet mellom ein ting og eigenskapane den er berar av eller mellom fleire ting og relasjonane mellom dei. Dette skiljet er reflektert i subjekt-objekt forma til deklarative setningar. Denne forma er det grunnleggjande syntaktiske struktur-elementet i språket. Det er bestemt av kravet til logisk eintydigheit eksemplifisert av løgnarparadokset: er utsagnet uttrykt i setninga 'denne setninga er falsk', sant eller falskt?

Ved å kopla ting og eigenskapar eller fleire ting og relasjonar dekker subjekt-objekt setningar to abstraksjonsnivå. Ettersom vi flyttar oss opp i abstraksjonsstigen blir objekt til subjekt. Men det semiotiske tetraederet er generisk (typisk). Det karakteriserer den ontologiske (eksistensielle) forskjellen mellom to suksessive abstraksjonsnivå.

Intensjon: konteksten for fastsetting av eigenskapar til ein ting (eks: vekt/veging)

Ekstensjon: ekstensjonen til eit ord er mengda av ting som fell inn under ordet

Pragmatikk: meining frå kontekst; utvikling av meining (Wittgenstein: språkspel)

Semantikk: meining for
<u>ord:</u> ekstensjonen til alle orda i vokabularet
<u>setningar:</u> sanningsverdien for alle setningane (Tarski: 'snow is white' is true if and only if snow is white)

Meining =
intensjonell meining (forståing) + ekstensjonell meining (tydnad)

3.1 Første-ordens språk

Språk som dekker to abstraksjonsnivå blir referert til som første-ordens språk. Vokabularet kan kategoriserast i namn som refererer til ting og predikat som står for eigenskapar og type relasjonar. Syntaksen har to nivå. Den bestemmer kva som er velforma atomære setningar (subjekt/predikat-form og subjekt/predikat/objekt-form) og korleis ein kombinerer atomære setningar ved hjelp av logiske konstantar. Eksempel på velforma atomære setningar er «S-2003 er Svart» og «Olav FarTil Harald». Den første setninga knyter eigenskapen som er referert til av predikatet «Svart» til tingen som har namnet «S-2003». Den andre setninga uttrykkjer ein relasjon mellom to ting ved hjelp av namna som refererer til tinga og predikatet som står for typen relasjon. Bindingsorda i samansette setningar er «og» (konjunksjon) og «eller» (disjunksjon) og vi har prefiksord som «alle» og «ikkje». Desse «orda» er referert til som logiske konstantar dei høyrer til i vokabularet, men har inga eksplisitt meining, dvs. ingen referanse eller ekstensjon[3].

3.2 Intensjonelle og ekstensjonelle tolkingar

Språket som er etablert for omtale av domenet blir kalla objektspråket for domenet. Grunnlaget for ei intensjonell tolking av eit språk er subjekt-objekt partisjonen. På grunn av subjekt-objekt partisjonen står domenet for språket fram som ei mengde av ting med eigenskapar og relasjonar. Ei *intensjonell tolking* av objektspråket er formelt sett gitt som avbildingar frå domenet til vokabularet: ei ein-eintydig avbilding gir namn til tinga (eller relasjonane) og *observablar* avbildar ting eller relasjonar på predikat.

Ei avbilding er ei tilordning mellom elementa i to mengder som for eksempel seta i ein kinosal til mengda av ordna par av tal (nummeret på rada og nummeret på setet i rada) eller tilordninga mellom varene i ein butikk og prisane på varene (til kvar vare svarar ein pris). Følgjande figur symboliserer ei avbilding:

[3] I fortsetjinga vil «språk» bety første-ordens språk etablert som objektspråket for eit domene.



Figur 3: Avbildning

Observablane blir identifisert ved gjensidig eksklusjon av eigenskapar; to eigenskapar som ikkje samtidig kan bli tillagt ein ting høyrer til målet for same observabelen; *ein ting kan ikkje på same tid vera både fem kilo og seks kilo.* Vekt er såleis ein observabel. Den avbildar ein ting på predikatet som representerer vekta til tingen. Eksempel på andre observablar er posisjon, hastigheit og temperatur.

Ein observabel svarar til ein type måling og er assosiert med ein *operasjonell definisjon*, ein definisjon som viser til ein målestandard og gir eit sett av reglar for korleis ei måling blir gjennomført. *Målestandarden er eit skjema for omsetting frå eigenskapar til predikat*. For eksempel er skalaen på ei vekt ein målestandard for veging. Det består av «namngitte» vekter. Ei veging består i å leggja tingen på vekta og lesa utslaget på skalaen. Resultatet av målinga er gitt av «namnet» til den målte vekta (predikatet for eigenskapen).

Grunnlaget for ei ekstensjonell tolking er ein *modell* av objektspråket for domenet. Modellen består ekstensjonane til orda i vokabularet. Ei *ekstensjonell tolking* er representert av ei ein-eintydig avbilding frå vokabularet til den modellen. Til kvart ord i vokabularet svarar eitt og berre eitt element i

Observabel

Ein observabel kan sjåast på som ein avbilding frå domenet inn i predikata i vokabularet. Verdiane til observabelen er gjensidig utelukkande. Ein ting kan ikkje ha to forskjellige vekter. Vekt er såleis ein observabel. Eksempel på andre observablar er posisjon, hastigheit og temperatur.

Predikata som står for verdiane til observablar kan ikkje definerast intensjonelt. Saman med namna utgjer dei primær-vokabularet

modellen, nemleg ekstensjonen til ordet. For namn er det mengda som består av tingen som er berar av namnet (eksempel: Eiffel Tower); for ein-plass predikat består det av tinga som fell inn under predikatet: ekstensjonen til Raud er mengda av alle raude ting; for to-plass predikat er det mengda av alle ordna par av ting som fell inn under predikatet: ekstensjonen til FarTil er mengda av alle individuelle par av far-barn.

Ei ekstensjonell tolking kan utleiast frå ei intensjonell tolking. Det «inverse» bilete av ein verdi (predikat) til ein observabel, dvs. alle tinga som har eigenskapen som svarar til predikatet, er ekstensjonen til predikatet[4]. Motsett, så kan ikkje intensjonelle tolkingar utleiast frå ekstensjonelle. Det kjem av at intensjonelle tolkingar er berarar av meir informasjon enn ekstensjonelle.

3.3 Pragmatisk og semantisk meining

Til dei to tolkingsskjema svarar dei komplementære teoriane for meining, pragmatikk og semantikk. Medan ei intensjonell tolking gir namn til ting og eigenskapar og ei ekstensjonell tolking klassifiserer i forhold til namn og predikat, adresserer pragmatikken spørsmålet om korleis meining oppstår eller blir skapt og semantikken korleis den blir representert.

Pragmatikken har røtene i språk-handling perspektivet. Det knyter opp til korleis samanhengar bidreg til å skapa meining, for eksempel korleis konteksten for ein dialog sett på som ei utveksling av meldingar mellom samtalepartnarane bidreg til å gi meining til meldingane. Dette er illustrert av følgjande historie om Victor Hugo og utgivinga av «Les miserables»: Etter å ha sendt manuskriptet til den belgiske forleggjaren sin, var Hugo, som levde I eksil på Guernsey, spent på korleis boka var motteken av publikum. Han sendte derfor forleggjaren eit telegram med berre eit teikn «?». Straks fekk han svaret «!».

Men pragmatikken angår også korleis meining oppstår. Dette skjer anten gjennom dialog med samtalepartnarar eller knyter an til handlingsmønster. Denne siste er eksemplifisert av vitskapelege undersøkingar og kan bli sett på som dialogar med «naturen». «Naturen» verkar som ein samtalepartnar som svarar på forslaga og hypotesane framsett av forskaren. Ein operasjonell definisjon definerer konteksten for undersøkinga og representerer den intensjonelle meininga til predikata som uttrykkjer resultatet av undersøkinga.

Frå eit pragmatisk synspunkt er det å gi meining til språkteikn ein dynamisk prosess, ein sosial aktivitet Wittgenstein kallar språkspel. Eit språk er ei «livsform» i eit

[4] I Figur 3 er det inverse bilete av e i B undermengda {2,4} av B medan det inverse bilete av a er mengda {1} osv. b, c og f i B har tomme inverse bilete.

samfunn og utviklar seg organisk gjennom iterative språkspel med omsyn til vinnarstrategiar som peiker mot felles forståing av språkteikna for individa i samfunnet. Den dynamiske utviklinga etablerer også «lover» formulert som reglar for kva som er korrekt bruk av språkteikna. Å eiga eit språk betyr derfor å forstå ord rett, formulera syntaktisk korrekte setningar og gjennomføra korrekte argumentasjonsrekker, dvs. å meistra ein teknikk, ein kunnskap som kan testast.

Semantikken er ein representasjon av meining: meining inkarnert som kognitive storleikar representert av ekstensjon av orda i språket, dualiteten sann/falsk for saksforholdet uttrykt av deklarative setningar og for samanhengen mellom premiss og konklusjonar i argumentasjonsrekker.

Om ei deklarativ atomær setning er sann eller falsk er eit pragmatisk spørsmål som berre kan avgjerast ved å undersøka saksforholdet setninga uttrykkjer. Resultatet bidreg samtidig til å fastslå ekstensjonen til predikatet i setninga fordi det avgjer om tingen (i tilfelle relasjon, det ordna paret av ting) namnet (namna) i setninga refererer til er eit element i ekstensjonen til predikatet. Sanningsverdien av samansette setningar er eintydig bestemt av sanningsverdiane til dei atomære setningane. Ei argumentasjonsrekke er bestemt av syntaksen (forma på setningane) men kan testast på sanningsverdi; for at argumentasjonsrekka skal vera korrekt må konklusjonen vera sann viss premissane er sanne.

3.4 Objektspråk/Metaspråk

Objektspråket for eit domene omtalar tinga (objekta) i eit gitt domene (objektdomene). Ein omtale av Mozart som ting i eit objektdomene vil for eksempel kunne innehalda følgjande setningar:

> ‘Mozart harFødselsdato 27.01.1756’
> ‘Mozart harFødeplass Salzburg’
> ‘Mozart er 1,65mhøg’ (‘Mozart harHøgd 1,65m’)
> ‘Mozart er Komponist’
> ‘Mozart harKomponert Le nozze di Figaro’

Dette er setningar i eit *objektspråk* for eit objektdomene som har som element komponistar, byar, datoar, operaer og lengder. Vi ser at Mozart si høgd er angitt ved hjelp av eit ein-plass predikat (1,65mhøg) eller to-plass predikat (harHøgd) og namn på ting (1,65m). Dette er eit eksempel på korleis språklege val kan verka inn på val av ting til domenet; i det siste tilfelle må alle lengder takast med som ting. I praksis (RDF-implementasjonar) vil ein bruka den andre formuleringa, men lata objektet vera representert av ein «tekststreng», dvs. eit objekt som ikkje representerer eit omgrep for ei datamaskin.

I omtalen av ei tingsentrert modellering vil tinga i domenet også få ein representant; for eksempel kan ein person bli representert av fødselsnummeret. For Mozart kan dette vera 27011756M. Omtalen av den tingsentrerte modelleringa som har Mozart i objektdomenet vil då innehalda setningar av typen

‘27011756M harNamn Mozart’
‘‘Mozart’ er Namn’
‘‘Mozart er Komponist’ er Setning’

Dette er då setningar i eit metaspråk der domenet er objektdomenet + teikna i objektspråket (ikkje meininga til teikna).



I setninga «Mozart er namn» refererer Mozart til ordet (teiknet) «Mozart» medan Mozart i setninga «Mozart er Komponist» står for namnet som refererer til personen Mozart; i setninga ««Mozart er Komponist» er Setning» står «Mozart er Komponist» for namnet til (teiknet for) utsagnet (meiningsinnhaldet) i objektspråksetninga «Mozart er Komponist». Dette svarar til at eit ord eller setning er representert av eit teikn og står for eit utsagn som viser til eit saksforhold. I wittgensteinsk terminologi, gir utsagnet til ei setning eit bilete av eit saksforhold. Dette skiljet mellom innhald og fysisk representasjon viser seg i forholdet mellom objektspråk og metaspråk. Objektspråket er ei samling av utsagn, medan det er den fysiske representasjonen, teikna, som er ting i domenet for metaspråket til eit objektspråk. Metaspråksetningar seier noko om desse teikna eller om kva dei står for eller kva funksjon dei har.

Objektspråksetning:
Paris har 2 234 105 innbyggjarar

Metaspråksetning:
«Paris» har fem bokstavar

Metaspråket er også eit første-ordens språk, med sin eigen semantikk. Ekstensjonen til predikatet Setning er (teikna for) alle setningane i objektspråket, ekstensjonen til typen relasjon harNamn er alle ordna par (ting, namn) osv.

For at ei maskin skal kunne handtera eit objektspråk må den ha ein omtale av forholdet mellom språk og domenet som kan formulerast i metaspråket. OWL er såleis eksempel på eit slikt metaspråk.

4. Modellering av kunnskapsrepresentasjonar og informasjonslager

Ein modell av ein ting eller eit domene er ein representasjon (bilete) av tingen eller domenet. Den er formulert i eit (modellerings-) språk som er tilstrekkeleg rikt til å skilja mellom og å gjengi essensielle eigenskapar til og relasjonar mellom tinga. I tilfelle artefaktar som bygningar og maskiner som skal tilfredsstilla gitte funksjonskrav, er dei modellert/designa med tanke på at dei skal realisera funksjonskrava. Dette gjeld også for IT-system.

Det dominerande modelleringsprinsippet for IT-system er «separation of concerns»[5] (SoC) som går ut på å skilja mellom innhald, strukturar og funksjonar, og i størst muleg grad å dela kvart av desse i uavhengige element. Det gjer det muleg å designa system slik at dei forskjellige elementa kan bli optimaliserte uavhengig av kvarandre. Dei viktigaste argumenta for prinsippet er likevel at det gjer det lettare å forstå, designa, byggja og handtera komplekse SoC-system enn integrerte system og at det opnar for gjenbruk av element. Det er for eksempel enklare og meir kontrollerbart å modellera eit separat grensesnitt for samsøk i to komplekse databasar basert på dette prinsippet, enn å integrera dei i ein felles base.

4.1 Kunnskapsrepresentasjonar

Ein kunnskapsrepresentasjon av eit domene er ein strukturert organisasjon av kunnskapen om tinga i domenet, om eigenskapane og relasjonane. Strukturen er gitt av spesifiseringa av domenemodell og ontologi, og kunnskapen av eit sett av sanne setningar som knyter eigenskapar til ting eller uttrykkjer relasjonar mellom ting (kunnskapsbasen). Det heile er knytt saman ved metaspråk-setningar som namngir tinga (namneliste). Modelleringsoppgåva består såleis i spesifiseringa av fire komponentar:

- domenemodell
- namneliste
- kunnskapsbase
- ontologi

[5] http://en.wikipedia.org/wiki/Separation_of_concerns

Domenemodell for kunnskapsbase

Domenet D av ting og relasjonar er modellert av ein graf (directed graph):



Figur 4: Domenemodell

Symbola som "namngir" elementa i grafen høyrer til i metaspråket. Domenemodellen består derfor av eit sett av (metaspråk-) setningar på forma $R_i(d_1,d_2)$ der R_i står for typen relasjon og d_1,d_2 er identifikatorar for ting.

Namneliste

Namnelista består av metaspråk-setningar som knyter ein ting d til namnet n, dvs. setningar av typen NameOf(n,d). Saman med setningane i kunnskapsbasen gir dette språket ein (formell) semantikk ved hjelp av følgjande samanhengar: ekstensjonen $\mathrm{Ext}(p)$ av p er gitt av mengda $\mathrm{Ext}(p) = \{d \mid pn \,\&\, \mathrm{NameOf}(n,d)\}$ der «pn» står for «n er p». Eksempel: viss n er namnet til tingen d og setninga «n er Raud» er sann så er d med i ekstensjonen til Raud.

Kunnskapsbase

Kunnskapsbasen består av eit sett av faktaark, eit for kvar ting. Malen for faktaarket er den same for alle ting frå same kategori, dvs. det same settet av setningar men med forskjellige "verdiar". Eit faktaark listar opp alle sanne atomære setningar om ein ting, dvs. setningar som knyter eigenskapar til tingen. Faktaboksane i Wikipedia er eksempel på faktaark.

Ontologi

Eit språk er underlagt eit syntaktisk regelverk og har ein «semantisk» struktur som delvis er terminologisk og delvis avbildar strukturelle eigenskapar i domenet. At eit språk har ein semantisk struktur vil seia at meininga til predikat vanlegvis ikkje er uavhengig av meininga til andre predikat. For eksempel er meiningsinnhalda til

predikata Køyretøy og Bil avhengige sidan ein bil er eit køyretøy. Den semantiske strukturen blir gjort eksplisitt ved hjelp av intensjonelle[6] og ekstensjonelle[7] definisjonar, og aksiom[8] (implisitte definisjonar) som samla utgjer ein ontologi for språket. Dei intensjonelle og ekstensjonelle definisjonane er terminologiske. Dei introduserer nye ord i vokabularet ved hjelp av språklege midlar; det svarer til at ein introduserer eit predikat som har ei mengde med ting (ein-plass predikat) eller ei mengde av par av ting (to-plass predikat) som ekstensjon.

Eksempel på definisjonar
Intensjonell definisjon: x er Sogndøl = x er Person og x bur i Sogndal
Ekstensjonell definisjon: a er Sogndøl eller b er Sogndøl … eller å er Sogndøl
Aksiom: x er onkel til y viss og berre viss y er son til z og z er bror til x

Ekstensjonelle definisjonar av predikat er disjunksjonar («eller») og intensjonelle definisjonar er konjunksjonar («og»)[9] av atomære setningar; ein ekstensjonell definisjon av eit predikat er ein disjunksjon av atomære setningar som knyter namn til predikatet og som dermed er ein lingvistisk representasjon av ekstensjonen til predikatet; ein intensjonell definisjon av eit predikat er ein konjunksjon av atomære setningar som uttrykkjer eigenskapane ein ting eller par av ting må ha for å tilhøyra ekstensjonen til predikatet. Ein intensjonell definisjon bestemmer derfor indirekte ein ekstensjonell definisjon. Det motsette er ikkje tilfelle. Det ville bety at alle predikat kunne ha ein intensjonell definisjon, men predikat som står for verdiane til ein observabel (som fargane) kan ikkje givast ein intensjonell definisjon. Dei kan berre definerast operasjonelt, og det ligg utanfor språket sidan dei involverer handlingar og ting (målestandard). Samen med namna utgjer desse predikata primær-vokabularet[10]. Aksioma er lingvistiske uttrykk for strukturelle eigenskapar i domenet. Dei er setningar formulert i primær-vokabularet. Definisjonane og aksioma er ikkje eintydig bestemt, men har mange mulege representasjonar og dei gir ikkje meining til orda i vokabularet, men aksioma avgrensar klassen av mulege tolkingar av vokabularet.

Det er naturleg å sjå på ein ontologi som ekstrahert frå språket som har utvikla seg for å beskriva eit domene.

---

[6] http://en.wikipedia.org/wiki/Intensional_definition
[7] http://en.wikipedia.org/wiki/Extensional_definition
[8] http://en.wikipedia.org/wiki/Axiom
[9] Legg merke til at dei logiske konstantane «og» og «eller» ikkje heilt svara til den vanlege bruken av desse orda. Konjunksjonen «og» står for «både og» medan disjunksjonen «eller» også står for det inkluderande alternativet
[10] Med ein presisering: Det er eksisterer alltid fleire mulege skalaer for målestandarder. For eksempel kan vi for temperatur velja temperaturskalaene Fahrenheit, Celsius, Kelvin osv. Primær-vokabularet refererer til gitt eitt val.

4.2 Informasjonslager

Eit *informasjonslager* er ein kunnskapsrepresentasjon supplert med ein *informasjonsbase*, dvs. ei samling informasjonselement som tekst, foto, videosnuttar osv., om tinga i domenet. Desse elementa kan koma frå *eigen informasjonsbase* eller bli henta frå eksterne informasjonskjelder. Utvidinga av kunnskapsrepresentasjonen til informasjonslager krev berre at ein koplar informasjons-elementa til tinga dei omtalar i informasjonsmodellen.

Informasjonsmodell

Ein illustrasjon av ein informasjonsmodell er gitt I følgjande figur:



Figur 5: Informasjonsmodell

Domenet for eit informasjonslager utvidar domenet for kunnskapsbasen med informasjonselementa som er knytt til tinga i objektdomenet med relasjonen $D_B\left(d,\bar{d}\right)$, «d OmtaltAv $\bar{d}$» som vil vera ei setning i metaspråket. Desse elementa er også ting, men av ein annan type.

4.3 Publisering

Eit publiseringssystem produserer informasjonsdokument for framvising ved hjelp av eit mal-system[11]. Eit informasjonsdokument består av informasjonselement om tingen frå informasjonsbasen, men mal-prosessoren kan også henta inn supplerande informasjonselement frå eksterne leverandører. Eit informasjons-dokument kan såleis sjåast på som ei samling av «ting» som til saman utgjer

[11] http://en.wikipedia.org/wiki/Template_system

dokumentet; både dei individuelle informasjonselementa og dokumentet har eigne identitetar:



Figur 6: Modell av informasjonsdokument

I web-samanheng vil det kunne vera mange fleire typar supplerande element i eit informasjonsdokument eller vevside, som for eksempel, kart frå Google, vêrmelding frå yr.no og faktaboksar frå DBpedia. Ei vevside kan såleis sjåast på som eit produkt som integrerer element frå fleire leverandører med element frå *eigen informasjonsbase* og der kvart eksemplar levert til brukar på bestilling, blir produsert av eit mal-system (template system) i samsvar med ein sidemal.

Dette er igjen eit eksempel på SoC-basert modellering: 'separasjon i staden for integrasjon'. Det endelege produktet er sett saman av element frå separate leverandører. Prosessen er analog til produksjon av industrielle produkt som for eksempel bilar der mange komponentar er produsert av uavhengige fabrikantar leverert til bilprodusenten på bestilling.

Ein nettstad består av eit sett av vevsider knytt saman ved hjelp av hyperlenker. Den kan representerast som ein graf der nodane står for vevsider og pilene for hyperlenker. Det er mest vanleg å modellera nettstad som ein hierarkisk graf der toppnoden er heimesida, men der det også går nokre lenker på tvers. Modelleringa er basert på (eller bestemmer) det tematiske innhald i sidene. Den er såleis emnesentrert; lenkinga speglar forholdet mellom det tematiske innhaldet i vevsidene. Dette forholdet er synleg som lenketekst og berar av meining for brukarane, men (i motsetning til predikata som representerer relasjonane mellom ting) ikkje for maskiner.

Utviklinga av ein nettstad har derfor tre nivå, informasjonslageret, sidemalar og informasjonsarkitektur for nettstaden.

4.4 Spørjingar

Informasjonselement blir henta ut frå eit informasjonslager på bestilling i form av ei spørjing. Dette er mekanismen brukt av mal-prosessoren under produksjonen av informasjonsdokument. Strukturen av domenemodellen og innhaldet i kunnskapsbasen avgjer kva ein kan spørja om og bestemmer resultatet.

Kunnskapsbase

Ei spørjing i ein kunnskapsbase uttrykt ved eit namn (x?) eller predikat (px?) har som svar ekstensjonen til namnet eller predikatet. Svaret på eit atomært spørsmål «px?», der p er eit ein-plass predikat, er mengda av ting som er namngitt i setningar som tillegg dei «p», dvs. $\{d \mid px \,\&\, \mathrm{NameOf}(x,d)\}$. Viss p har ein ekstensjonell definisjon vil ontologien transformera spørsmålet til ein disjunksjon ("eller") av atomære (ein-plass predikat) spørjingar og resultatet er unionen av resultatet av dei atomære spørjingane; viss predikatet har ein intensjonell definisjon vil ontologien transformera det til ein konjunksjon ("og") av atomære spørjingar og resultatet er snittet av resultatsetta for dei atomære spørjingane.

Resultatet av ei spørjing med omsyn til eit to-plass predikat gir ekstensjonen til predikatet. Men, viss predikatet står for ein relasjon som ikkje er representert i domenemodellen men definert i ontologien kan spørjinga avdekka nye samanhengar[12].
Mengda av ting eller ordna par av ting bestemt av eit spørsmål er såleis den semantiske meininga til spørjeordet. Ved hjelp av spørjingar kan ein derfor bestemma semantikken til omtalespråket. Ekstensjonane til orda i vokabularet definerer den konseptuelle språkmodellen.

Informasjonslager

Ei spørjing i eit informasjonslager er ein to-stegsprosedyre. Først bestemmer ein tinga som tilfredsstiller søkekriteria ved å gå gjennom faktaarka tinga, dvs. $\{\bar{d} \mid px \,\&\, \mathrm{NameOf}(x,d) \,\&\, D_B(d,\bar{d})\}$. Kunnskapsbasen tener som ein indeks for

---

[12] La for eksempel, 'if $\forall_{xyz} r_1(x,y) \,\&\, r_2(x,z)$ then $r_3(z,y)$' vera eit aksiom, då vil spørsmålet $r_1(x,y)?$ ha som svarmengde ekstensjonen $\mathrm{Ext}(r_1)$ til r_1,

$$r_1(x,y)? = \mathrm{Ext}(r_1) = \left\{ \begin{array}{l} (d_1,d_2) \mid \left(\text{if } \forall_{xyz} r_1(x,y) \,\&\, r_2(x,z) \text{ then } r_3(z,y)\right) \\ \&\ \bar{r}_1\mathrm{Of}(d_1,d_3) \,\&\, \bar{r}_3\mathrm{Of}(d_2,d_3) \end{array} \right\}$$

informasjonsbasen, og data om dei individuelle tinga lista på faktaarket spelar rolla som metadata for søk.

5. Implementasjon av kunnskapsrepresentasjonar og informasjonslager

Det er fleire metodar tilgjengelege til å implementera kunnskapsrepresentasjonar og informasjonslager Den som er best tilpassa den skisserte modelleringsmetodologien er semantisk teknologi basert på "Internet of Things/Linked Data" (IoT/LD) modelleringsparadigmet. IoT/LD system kan vera distribuert, for eksempel kan informasjonselement finnast i den opne dataskya (LOD) eller vera APIar henta frå eksterne tenester (yr.no, maps.google.com).

Ein annan type implementasjon er i relasjonsdatabasar (RDBMS). Hybride løysingar er også aktuelle, dvs. løysingar der informasjonsbasen er spreidd i ein eller fleire relasjonsdatabasar medan kunnskapsrepresentasjonen eller deler av den er IoT/LD-system kontrollert av systemeigar.

Ein fordel med IoT/LD-implementasjonar er at dei kan representera meir generelle ontologiar enn det relasjonsdatabasar kan; relasjonsdatabasar kan berre representera ekstensjonelle definisjonar. Ein annan er fordel er fleksibiliteten for endring som kjem frå separasjonen av struktur og innhald.

5.1 Internet of Things/Linked Data

IoT/LD-paradigmet eksemplifiserer det kantianske skiljet mellom ting og eigenskapar. Det står for ideen om å representera "ting i verden" på verdsveven ved hjelp av unike identifikatorar (Universal Resource Identifier = URI). Namn og predikat er representert av URLar (universal resource locator). Ein atomær første-ordens setning er representert av ein RDF-trippel som berre er ein alternativ notasjon; atomære setningar er gitt som triplar, dvs. på forma (subjekt,predikat,objekt). Setningar av typen «Mozart er Komponist» blir representert som (Mozart,harType,Komponist) og «Mozart harFødeplass Salzburg) som (Mozart,harFødeplass,Salzburg). «harType» er her eit «kunstig» predikat som står for «er» (copula).

Komponentane i ein kunnskapsrepresentasjon er implementert som RDF-grafar,

- *domenemodellen* er eit sett av RDF-triplar som knyter saman ting
- *namnelista* er eit sett av RDF-triplar som gir namn til tinga
- *kunnskapsbasen* er eit sett faktaark, eitt for kvar ting i domenet. Eit faktaark som inneheld eit sett av RDF-triplar som til saman gir ein "full" omtale av tingen

- *ontologien* er representert av eit sett av RDF-triplar som uttrykkjer aksiom, ekstensjonelle og intensjonelle definisjonar og OWL-setningar som uttrykkjer kva kategori orda i vokabularet høyrer til i (namn, 1-plasspredikat og 2-plasspredikat).

Lenka data refererer ideelt sett til lenking av faktaark via ein domenemodell. Den eksisterande skya av lenka data (LOD)



Figur 7: Lenka data skya

tilfredsstiller ikkje fullt ut dette idealet. Faktaark frå skya kan like fullt bli gjenbrukt i utviklinga av informasjonslager. Det krev seleksjon av ting, modellering av domenet (Figure 4) og supplering av ontologien. Namneliste og faktaark kan hentast frå LOD viss informasjonen er tilgjengeleg. Viss ikkje må den bli etablert som ein del av utviklinga av kunnskapsrepresentasjonen for informasjonslageret.

I tillegg til URIar kan siste feltet i RDF-triplane innehalda datastrenger (literals). Det kan vera både maskinlesbare (RDF-Concepts, dvs. XML literals) og ikkje-maskinlesbare leksikale uttrykk. Det siste er typisk tekst som då må taggast med kva språk dei er i. Eksempel på maskinlesbare uttrykk er datoar. Dei gjer det muleg å implementera slike «objekt» utan å tenke på dei som ting (jfr. tidlegare diskusjon). Gitte namn og tekstelement er eksempel på leksikale uttrykk.

5.2 Relasjonsdatabasar

Komponentane i eit kunnskapssystem er representert av tabellar i relasjonsdatabasen. Det kan gjerast på fleire måtar. For eksempel, vil *domenemodellen* vera representert av ein tabell med følgjande struktur

Rel_1		Rel_2			
id_{x1}	id_{y1}	id_{u1}	id_{v1}		
id_{x2}	id_{y2}	id_{u2}	id_{v2}		

Tabell 1

namnelista er representert av

		Gitt namn (streng)
id_1	namnetTil	abc
id_2		def

Tabell 2

og *kunnskapsbasen* er gitt av ein tabell der faktaarket til ein ting kan representerast av ei rad i

Namn	A	B	C	
n_1	a_1	b_1	c_1	
n_2	a_2	b_2	c_2	

Tabell 3

Eksporten av informasjon frå eit DBMS til ein IoT/LD representasjon er gjort ved hjelp av ein avbilding som transformerer innhaldet i tabellane til RDF-triplar; for eksempel,

Tabell 1: ($id_{x1,}$ Rel_1, id_{y1}) osv.
Tabell 2: (n_1, Type, $a_{1)}$, (n_1, Type, b_1) osv.
Tabell 3: (id_1, NamnetTil, n_1) osv.

I ein RDF-implementasjon må vi også representera tabellstrukturen. Dette blir gjort ved hjelp av RDF-triplar som står for metaspråksetningar, dvs. der orda i første rad i tabellane er predikat.

Informasjonselementa i eigen informasjonsbase vil også kunne lagrast i tabellar i ein relasjonsdatabase og relaterast til tinga i basisdomenet via andre tabellar. Eit

informasjonslager slik det er modellert i kap. 4. kan såleis implementerast i ein relasjonsdatabase, men implementasjonen integrerer innhald og struktur og bryt dermed med prinsippet om «separation of concerns» lagt til grunn i modelleringa.

5.3 Hybride implementasjonar

I ein hybrid implementasjon er heile eller deler av kunnskapsrepresentasjon implementert som eit semantisk grensesnitt mot ein eller fleire relasjonsdatabasar. Når dette er tilfelle koplar domenemodellen saman ting knytt til informasjonsinnhaldet i dei forskjellige databasane. Ein kan då gjera informasjonssøk i alle databasane samtidig gjennom kunnskapsrepresentasjon ved hjelp av ei omskriving til SQL. Denne metoden, referert til som OBDA (Ontology Based Data Access), er ein meir fleksibel måte å handtera innhaldet i ein kolleksjon av databasar på enn å integrera dei i ein ny database. Ettersom kunnskapsbasen er ein ekstern uavhengig struktur kan ein lett leggja til nye informasjonskjelder ved å utvida kunnskapsbasen slik at den dekker innhaldet i tillegget.

Del II

Praktisk gjennomføring

6. Innhald og struktur

Resultatet av prosjektet demonstrerer bruken av semantisk teknologi i formidlinga av informasjon frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Det har vore eit mål med to delmål, der det første gikk ut på å etablera informasjonslager (back-end) og det andre var knytt til informasjonsformidlinga (front-end). I dette notatet er det det først og fremst det første delmålet som blir diskutert.

Fylkesarkivet har ein digital informasjonsbase som består av fleire separate databasar og skal supplera denne med ein kunnskapsrepresentasjon som vil tene som semantiske grensesnitt for søk i informasjonsbasane og dermed som port for informasjonsformidlinga. I første omgang har arbeidet vore avgrensa til fotodatabasen og Kulturhistorisk leksikon.

Arbeidsoppgåver

Arbeidsoppgåvene for Fylkesarkivet har vore å

- etablera namneliste
- bestemma type ting
- laga malar for korleis kvar type ting skal beskrivast
- formulera ontologi
    - Vokabular (namn, 1-plass og 2-plass predikat)
    - Definisjonar
- Etablera kunnskapsbase (autoritetsregister) for ting i namnelista

I tillegg er det problemstillingar knytt til implementeringa, som for eksempel til representasjon av vokabular.

Namneliste

Ein ting er representert av ein identifikator (URI). Namnelista relaterer identifikatoren for ting med gitt namn (tekststreng) for tingen. Arbeidet består i å identifisera tinga vist på fotografia i fotodatabasen eller omtalt i Kulturhistorisk leksikon, gi dei ein URI og relatera dei til gitt namn. I fotodatabasen har informasjon om personane vist på bileta. Dei er angitt med gitt namn men ikkje gitt identitet, dvs. at for kvart bilete er namn ført inn på nytt. Etableringa av namnelista for fotodatabasen består derfor i å identifisera personane og gi dei ein unik identifikator. Andre ting som er vist på bilete er omtalt berre i tittelen på bilete eller i tekstfelt. Desse må identifiserast med gitt namn og identifikator. Det same gjeld kulturhistorisk leksikon. Når same ting er vist i fotodatabasen og omtalt i

Kulturhistorisk leksikon må same gitt namn og identifikator brukast. På den måten knyter ein saman innhald i dei to databasane.

Type ting

Ein type (klasse) ting er karakterisert av at dei har faktaark basert på same mal. Følgjande typar er identifiser som interessante for Kulturhistorisk leksikon i Fylkesarkivet (eksempel på underklassar i parentes).

- Verksemd (Jordbruk, Fiske, Politikk, ..)
- Forvaltningsområde (Land, Fylke, Kommune)
- Dyr og planter (Dyr, Plante)
- Kunstgjenstand (Måleri, Litteratur, Segn, ..)
- Bygning (Hotell, Fabrikk, Kyrkje, Bedehus, Skulehus, ..)
- Bedrift (Hotell, Pensjonat, Brenneri, ..)
- Anlegg (Bru, Tunell, Dam, Kai, Kommunal veg, Fylkesveg, ..)
- Hending (Ulukke, Jubileum, Skred,)
- Slekt
- Gardsbruk
- Institusjon (Museum, Kunstgalleri, Besøkssenter, ..)
- Landskap (Bre, Foss, Fjord, Utsiktspunkt, Fjellovergang, Nasjonalpark, ..)
- Minnesmerke (Gravstein, Monument, ..)
- Organisasjon
- Person
- Stad (Plass, Grend, Tettstad, By, ..)
- Køyretøy (Buss, Lastebil, ..)
- Fartøy (Båt, Cruiseskip, Lastebåt, …)

I tillegg har vi klassen

- Informasjonselement (Dokument, Foto og video)

Forslag til malar for faktaark

Malar for faktaarka er knytt til type ting. Det er i hovudsak ei liste over kva slags type eigenskapar ein ting av den gitte typen har, som farge, vekt, temperatur, lokalisering osv. Etableringa av faktaarket for ein ting svarar til spesifiseringa av verdiane for typen eigenskapar eller atributtar (eksempel: raud, 10 kg, 20 °C osv.). Orda merka med * står for relasjonar (eksempel: harFødselsår). Dei har tekststreng som mål og er formelt sett (saman med tekststrengen) å oppfatta som ein-plass predikat. Faktaark i tydinga som er brukt i tidligare kapittel omfattar berre setningar (triplar) med desse relasjonane (DataProperty).. Dei utgjer Namnelista. Dei andre relasjonane (eksempel: harEigar) bind saman to ting og er

setningar i Domenemodellen. Ei visning av informasjonen om ein ting vil innehalda setningar av begge typar. Det er dette som er antyda i malane gitt under. I tillegg vil den viste informasjonen knytt til faktaarket også kunne innehalda ein tekstleg omtale (ingress). Ein full omtale av tingen tek også med informasjonselement frå Informasjonsmodellen.

Aktivitet
- Namn*
- Type*

Dy rog plante (dyr, Plante
- Namn*
- Type*

Kunstgjenstand
- Namn*
- Type*

